

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Samfunnsutvikling

Dato: 04.10.2024
Vår ref: 23/00289-5
Dykkar ref:
Sakshandsamar: Øyvind Moltumyr
Telefon:

Høring av søknad om forlenga byggjefrist for Herresbekken kraftverk - Høringssvar frå Åseral kommune

Åseral kommune har ikkje kjennskap til nye moment som bør få konsekvens for den tidlegare gjevne konsesjonen.

Åseral kommune syner til anbefalinga om opphenging av hekkedassar for fossefall. Dette er sjølvstund velmeint, men sakshandsamar trur ikkje det er lurt å eventuelt gjera dette til eit krav. Ein må vera medviten om at eit eventuelt «pålegg» om oppsetting av slike kassar utan seinare hekkesuksess lett vil kunne føra til hånflir og latterleggjering, og slik gi forsøk på å ta naturomsyn eit negativt rykte. Sakshandsamar meiner at det for denne arten er betre å satse på friviljug miljøomsyn. Det har allereie i fleire år hengt ei kasse ved brua der vegen kryssar bekken. I denne har det vore god hekkesuksess.

Kommunen har ikkje kjennskap til nye partar som bør høyrast i saka.
Ved kontakt i saka ver venleg å vise til saksnr 23/00289

Med helsing

Øyvind Moltumyr
næringssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.